

Det kongelige kunnskapsdepartement
Postboks 8119 Dep
0032 OSLO

Saksbehandler: Silje Molander

Vår ref: 17/06379-3
Vår dato: 12.11.2017
Deres ref:
Deres dato: 14.08.2017

Høyringsfråsegn – Forslag om endringar i opptaksforskrifta

1. Innleiing

NOKUT viser til høyringsbrev frå Kunnskapsdepartementet dagsett 15. august 2017 om endringar i opptaksforskrifta.

Når fagskulelova § 14 tar til å gjelde, skal NOKUT avgjere om ein kan sidestille ei fagskuleutdanning eller anna yrkesretta utdanning frå utlandet med ei godkjent fagskuleutdanning i Noreg. NOKUT ber om at Kunnskapsdepartementet tek omsyn til godkjenningsordninga for utanlandsk fagskuleutdanning i endringa av denne forskrifta.

NOKUT vil gje følgjande høyringsfråsegn:

2. § 2-4. Opptak på grunnlag av fullført fagskuleutdanning

NOKUT meiner at søkjarar med utanlandsk fagskuleutdanning bør møte eit krav om dokumenterte norskkunnskapar for å få generell studiekompetanse etter opptaksforskrifta § 2-4.

Godkjenningsordninga av utanlandsk fagskuleutdanning inneheld ikkje eit krav om norskkunnskapar i dag. Om søkjaren sine utanlandske fagskuleutdanning blir sidestilt med ei norsk utdanning, risikerer ein med den foreslegne endringa i opptaksforskrifta § 2-4 at søkjaren oppnår generell studiekompetanse utan å kunne dokumentere tilstrekkelege norskkunnskapar.

I Meld. St. 9 (2016-2017) *Fagfolk for fremtiden* kap. 10.5.3 presiserer departementet at dei som har fullført ei «toårig fagskuleutdanning på norsk, må antas å ha tilstrekkelige norskkunnskaper». Ordlyden i stortingsmeldinga antyder at det bør skiljast mellom dei som fullfører fagskuleutdanningar i utlandet og dei som fullfører i Noreg. Det same gjer utsegna om at det ikkje skal vere mogleg å bli tatt opp «til en norskspråklig fagskuleutdanning uten tilstrekkelige norskkunnskaper.»

NOKUT kan ikkje sjå at det har vore meininga å gjere unntak frå eit krav om dokumenterte norskkunnskapar for utanlandske søkjarar. Ei slik løysing samsvarer ikkje med opptaksforskrifta §§ 2-1 og 2-2. Ein søkjar med sidestilt utanlandsk fagskuleutdanning vil med ei slik ordning få generell studiekompetanse, og dermed opptak til høgare utdanning, utan å kunne dokumentere at ein kan tilstrekkeleg norsk.

NOKUT føreslår på bakgrunn av dette at forskrifta presiserer at ein krev fagskuleutdanning på norsk for å ha generell studiekompetanse etter opptaksforskrifta § 2-4. NOKUT ynskjer vidare ein merknad i forskrifta til korleis utanlandsk fagskuleutdanning skal bli behandla.

3. Tilleggspong for søkjarar med fagskuleutdanning

NOKUT er einig i at søkjarar med fagskuleutdanning skal få inntil to tilleggspong. NOKUT meiner likevel at forskrifta bør presisere at dette også gjeld for søkjarar som har fullført utanlandsk fagskule.

Med hilsen

Terje Mørland
direktør

Stig Arne Skjerven
avdelingsdirektør

Dokumentet er elektronisk signert.